

Saksprotokoll i fylkesutvalet – 04.05.2017

Tom Sverre Tomren (MDG) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er omgangsven med søkeren. Tomren gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Tom Sverre Tomren var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 2. ledd.

Tom Sverre Tomren gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades.

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

1. Med bakgrunn i Stortinget sitt vernevedtak for Lonevassdraget, Klimaplan for Hordaland sine mål og strategiar for miljø og naturmangfald og Fylkesdelplan for små vasskraftverk sine retningslinjer for landskap, biologisk mangfald, fisk og friluftsliv rår Hordaland fylkeskommune frå søknad om å byggja Gjerstadvossen kraftverk. Hordaland fylkeskommune vurderer konfliktpotensialet for prosjektet som høgt og søknaden stettar ikkje krava i fylkesdelplanen om særleg grundig omtale av verknader for verneverdiane i Loneelvi.
2. Hordaland fylkeskommune fremjar motsegn til konsesjonssøknad for Gjerstadvossen kraftverk på grunnlag av konflikt med automatisk freda kulturminne Id 45496 og kulturmiljø av høg kulturhistorisk verdi. For at motsegn kan trekkjast må planforslaget ta omsyn til dei nasjonale og høge regionale kulturminneverdiane og vassvegen leggjast i tunnel.